Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Aust Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Landvik
Emne: Skav | Bygdelag: Øvre Landvik
Oppskr. av: Jon A. Emmerud | Gard: Emmerud
(adresse): Landvik Grimstad | G.nr. 7/8 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav.

1

Ein kallar det hjelpefor i vor bygd.

2

Her kallar me det Vedfor.

3

Ein bågen skava soleis: I nodid skjer fortid skava fraktsyn å skava

4

Jau mykje fôr i tida. Ein rekna det til hjelp i fornaudtider

5

Ein nyttar alle mande treslag. Dei skjer helst furerisa til gjeita. Det hende også att dei lot gjetone skava sjølv. Dei brukta både raun og alm

6

Å skava raun har dei brukta å nemna det her

7

Det nemnd kjenner me ikkje her og har spurd gamle folk, men dei kjenner det ikkje

2756

8

Heile buskapen fekk skav, det hende att hesten og so fekk i fornaudstider. Det var frå våren skav helst vart brukt i vårknipa. Dei fekk skav blanda saman med anna fôr. Or vart aldri brukta, den beste som asken etla etter kreaturet

9

Det vart sjølsagt mindre mjølk når kyrne fekk skav i motsetnad når dei fekk godt høy og l.d. mjøl.

10

Dei pleier å draga til skogs for å henta ved til skavved um våren før den egentlege sevja er kommen i borken. Dei tynne greinane egnar seg best til skavved

11

Ein kallar det her å dra frå vedaskog.

12

Ein kallar veden skavved.

13

Det ordet er kjent her, ein nyttar det helst for sankinga av alle slags fôr i marka t.d lauv og anna

14

Ein hentar skavved helst om våren før sevja byrjar. Og det er nokså greit arbeid å få heim skavved

15

Ein heldt seg helst i forstova; der var jamt fleire som sat saman og skava. Dei sat seg i ein ring på telet og hev skavet i ein haug inni ringen.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16

Dei nytta skavkniv og på fleire stader brukte dei tollekniven til å skava med. Eit serskilt reidskap hadde dei laga av eit ljå-brot, og dei laga det so att dei kunde setja eit trehandtak i kvar ende. Dei heldt den gamle [illegible] ljåen for det lagelegaste å laga til.

17

Dei heldt treet som skulde skavast mot bröstet og den andre enden mot golvet. Det har ikkje vore brukt anna framgangsmåte her. Mogeleg i eldgamal tid har dei hatt slikt reidskap som nemnd.

18

Var det mykje skaving var det med so mange som kunde koma til, elles brukte dei framgangsmåten som er nemnd i § 17

19

Ein nyttar det om alt ein skjer skavljåen mot. Når dei skjer gjeng dei fram som før nemnd. Dei held skavljåen med begge hender, skarp-eggen fyreåt- vende mot treet, som dei skal skava borken av og driv skavkniven fram og attende inntil borken er komen av.

20

Ein kallar veden skavved.

21

Ein kallar det borkeraft her

22

Ein skjer helst tunne kjeppar, og veden som ein skjer er i fyrste rekkje tenkt til seinare bruk i ommen

27

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23

Ein kallar kjeppane som ein ber skaor, skjerleng, og ordet i fleirtal vart skjerlungar.

24

Skaoet skal vera tunt, og det hender at ein tek med seg det aller ytste lag av veden.

Det var nokk der som i eldre tid var tak-kar til skaora enn andre, og eg høyrde seia, at det var ein mann fra Håland i forn Landvik som kunde laga serleg fest og godt skao.

25

Ein nyttar helst veden til flatbrødsved.

26

Det er for lengi sedan ein brukte å nytta skao til for, og vel mi mor fortalde at ho kunde minnast att dei brukte skao, så i byggingi av 90 åri var det jamt slett uppi dei andre bygder.